

Flott og større thaivogn på plass.

27.04.2016



Strålende fornøgde med ny thaivogn, Ivar Nesse og Pornthip Pomngern

I dag vart thaivogna som har vore plassert ved Gamleskulen skifta ut med ei ny og betydeleg større vogn. Då eg passerte i 21.20-tida i kveld var fire personar i full aktivitet for å gjera vogna klar til bruk. Pornthip Pomngern og Ivar Nesse var svært fornøgde med nyinvesteringa, og dei håpa å vera klar til opning fredag.



Uskedal Røyr & Multiservice fekk orden på vatn og avløp.

Den nye vogna er som sagt betydeleg større enn den gamle. Medan den førre vogna var 3,70 meter lang, er den nye heile 6 meter. Breidda er også auka med 20 cm til 2,40 meter. Også utstyrsmessig er den på topp. Porntip smilte breiare enn eg nokon gong har sett, då ho demonstrerte dei nye induksjonsplatene på komfyren for meg. Dei får også ein stor og god arbeidsbenk der det er 3,15 meter langt avsug over. Arbeidsforholda på kjøkkenet vert nok ei romslegare og ny verd. Det er no 3 år sidan salget av thaimat starta ved Gamleskulen, og det er blitt svært populært.

Ivar Nesse fortel at vogna er bygd etter bestillingsmål i Polen, og mykje av utstyret i den er montert i Arendal. Klokka 3 sist natt starta kontaktmannen deira på ferda mot Uskedalen med vogna.

Då eg var innom var Arvid Hjelmeland frå Uskedal Røyr & Multiservice i sving med å få kopla til vatn og avløp.
- Det er fantastisk service av han. Han kom med ein gong vi ringde, smiler Pornthip. - Og det lenge etter vanleg arbeidstid, legg Ivar fornøgd til. Utvendig er det vasking, og det ser ut som klargjeringa går unna. Dermed kan vi håpa på at det vert opning på fredag.



Utvendig vart det vaska så det skein!

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland